



Kontrollutvalget i Bergen kommune

Dato: 05.09.2017
Vår ref.: 2015/11183-37
Dykkar ref.:

Partsbrev - Bestilling av selskapskontroll

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 86/17 Bestilling av selskapskontroll:

1. *Kontrollutvalet ønsker at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.*
2. *Før prosjektplan vert bestilt frå Deloitte, vert sekretariatet beden om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønsker å delta i ein slik selskapskontroll.*

Fullstendig saksframlegg med saksprotokoll går fram nedanfor.

Påskrift frå sekretariatet:

Dersom kontrollutvalget i Bergen kommune ønsker å delta i ein slik selskapskontroll, ber vi om at det vert teke stilling til kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune sitt forslag til føremål og problemstillingar som går fram av saksprotokollen. I dette ligg det også om det er ønskjeleg å undersøke både problemstillingar knytt til Bergen kommune si eigarskapsforvaltning og problemstillingar knytt til drifta i selskapet.

Tilbakemeldinga frå kontrollutvalet i Bergen kommune vil, saman med det som går av saksprotokollen nedanfor, danne grunnlag for at vi ber Deloitte om å lage forslag til ein prosjektplan som inneheld føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk. Tanken er vidare at prosjektplanen skal leggjast fram for begge kontrollutvala til godkjenning før Deloitte kan starte sin revisjon.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgsssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Deloitte AS

Arkivnr: 2015/11183-35

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	86/17	28.08.2017

Bestilling av selskapskontroll

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 71/16 Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020 i møte 4.10.2016:

- 1. Forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 vert vedteken med desse prosjekta i prioritert rekkefølge:*
 - 1. Bybanen AS*
 - 2. Grieghallen IKS*
 - 3. Beredt AS*
 - 4. Valen Kraftverk*
 - 5. Hardanger AKS AS*
- 2. Planen erstattar revidert plan selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.*
- 3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 – 2020, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.*
- 4. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til fylkestinget om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatata av desse.*
- 5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.*
- 6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.*

Drøfting:

På bakgrunn av den vedtekte planen er det tid for at kontrollutvalet vurderer kva nytt prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det eller dei nye prosjekta for gjennomføring av selskapskontroll. Ut frå vedtekte plan ville det vera mest naturleg å gå for det neste prosjektet som ligg i prioriteringa, altså prosjekt 2 «Grieghallen IKS». Grieghallen IKS er eigd av Hordaland fylkeskommune saman med Bergen kommune med 50 % av aksjane kvar. Dersom kontrollutvalet går inn for ein selskapskontroll her vil det vera naturleg at kontrollutvalet i Bergen kommune vert invitert til å delta. Dersom det er spesielle tilhøve som tilseier at ein bør velge eit av dei andre selskapa i planen let det seg også gjera.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksler på omtale av dei 3 neste prosjekta, slik det kjem fram i gjeldande plan for selskapskontroll punkt 2.1:

Prioritet	Prosjekt	Tema
2.	Grieghallen IKS	<ul style="list-style-type: none"> Eigaroppfølging Drift Regelverk for offentlig støtte
3.	Beredt AS	<ul style="list-style-type: none"> Eigaroppfølging Drift
4.	Valen Kraftverk	<ul style="list-style-type: none"> Eigaroppfølging Drift

Frå analysedokumentet punkt 2.3.kan vi trekke fram denne informasjonen til hjelp i vurderinga:

Prioritet	Prosjekt	Nøkkelinformasjon
2.	Grieghallen IKS <ul style="list-style-type: none"> Delt offentlig eigarskap Samfunnsmessig ansvar Omdømme 	<p>Verksemnda vart stifta i juni 2013, og fylkeskommunen eig det saman med Bergen kommune.</p> <p>Verksemnda sitt føremål er å erverve, eige og leige ut Grieghallen til Grieghallen AS. Verksemnda kan delta som aksjonær i aksjeselskap tilknytt verksemnda i Grieghallen, samt inngå avtaler med kommunar, fylkeskommunar, og verksemder så framtid dette bidrar til å følgje opp verksemnda sitt føremål.</p> <p>Verksemnda har ein høg grad av gjeldsfinansiering med ein gjeldsgrad på 153,7. Verksemnda hadde eit positivt resultat i fyrste året med drift.</p> <p>Grieghallen IKS vart oppretta i 2013, og det er ikkje definert ein eigarskapsstrategi for selskapet i eigarskapsmeldinga frå 2013 eller i den forenkla eigarskapsmeldinga frå 2015.</p> <p>I undersøkinga blir det peika på at det er viktig å etablere ei god eigaroppfølging av selskapet og at ein kontroll av dette er viktig. Det blir også vist til at det bør gjerast ein kontroll av drifta i selskapet med tanke på regelverk for offentlig støtte og forholdet mellom offentlig tilskot og næringsdrift.</p>
3.	Beredt AS <ul style="list-style-type: none"> Underskot dei tre siste åra Stor eigardel Samfunnsmessig 	<p>Verksemnda har som føremål å skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetting. Vidare skal verksemnda gjennom å driva anna verksemd, etter arbeidsmarknadsetaten sine retningslinjer, skape grunnlag for sysselsetting av grupper som av ulike årsaker har problem på arbeidsmarknaden, under dette å drive teoretisk og praktisk kompetansebygging slik at deltakarane kan møte best mogleg førebudd til eit framtidig arbeidsforhold utanfor verksemnda. Verksemnda skal gjennom kompetansebyggjande tiltak også bidra til at personar som står i fare for å falle utanfor kan bli verande i</p>

	<p>ansvar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Omdømme og etikk • Gjennomført selskapskontroll i 2010 	<p>arbeidslivet. For å fylle dette føremålet driv selskapet med cateringverksemd, transportverksemd, interiørproduksjon og verkstad. Verksemda leier også ut fast eigedom. Verksemda har dei tre siste åra gått med underskot, og underskotet har auka frå om lag 3 MNOK i 2012 til om lag 13 MNOK i 2014. I same periode har langsiktig gjeld til kredittinstitusjonar auka frå om lag 12 MNOK til 17 MNOK, og gjeldsgrada i verksemda har derfor auka. Ved utgongen av 2014 var likviditetsgraden på 0,55, og likviditetssituasjonen i verksemda ser ut til å vere noko utfordrande.</p> <p>Dette har ført til ein reduksjon i likviditetsgraden frå 1,41 i 2012 til 0,55 i 2014 og ein reduksjon i eigenkapitalgraden frå 0,53 i 2012 til 0,21 i 2014. Dette, kombinert med ein auke i gjeld til kredittinstitusjonar, har ført til ein auke i gjeldsgraden som i 2014 var på 3,78. Tala tyder på at verksemda har økonomiske utfordringar.</p> <p>Av eigarskapsmeldinga frå 2013 går det fram at fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapet er av samfunnsmessig karakter og å sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda. Verksemda hadde 95 tilsette ved utgongen av 2014.</p> <p>Verksemda har eit heileigd dotterselskap, Beredt Kompetanse AS, som også fel innanfor § 80. Dotterselskapet har same føremål som morselskapet.</p>
4.	<p>Valen Kraftverk</p> <ul style="list-style-type: none"> • Finansielt føremål • Reduksjon i inntekter 	<p>Verksemda sitt føremål er å drive produksjon og omsetning av energi, samt anna verksemd knytt til desse områda, under dette deltaking i andre verksemdar med liknande føremål.</p> <p>Av eigarskapsmeldinga frå 2013 går det fram at fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapet er finansielt, der strategien er å drive kraftomsetnad og auke innteninga.</p> <p>Verksemda har ei svært lønsam drift, med ein resultatgrad dei siste fem åra mellom 30 % og 60 %. Vidare har verksemda ein positiv utvikling i gjeldsgraden, og denne var ved utgongen av 2014 tilfredstillande.</p> <p>Utviklinga i inntekter syner ein nedgang frå 2012-2014. Prisane har falle dei siste åra og det er også krav til nye investeringar. Dette kan få konsekvensar for innteninga og moglegheit for utbytte.</p>

Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Dersom Grieghallen IKS vert vald tilrår sekretariatet at kontrollutvalet i Bergen kommune vert invitert til å delta i selskapskontrollen

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 4.9.2017 og skal godkjennast i neste ordinære møte i kontrollutvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS. Utvalet ber sekretariatet om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønskjer å delta i ein slik selskapskontroll før Deloitte vert beden om å lage forslag til prosjektplan.

Føremål:

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Grieghallen IKS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift.

Problemstillingar:**Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:**

1. I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, samt egne vedtak og rutinar?
 - a. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - b. Korleis har Hordaland fylkeskommune følgd opp selskapet, under dette mål og krav som eigarane har etablert for selskapet?

Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:

2. I kva grad driv Grieghallen IKS si verksemd i samsvar med sitt vedtektsfesta føremål og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?
3. I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar at lovverket sine krav til god selskapsleiing blir etterlevd?
4. I kva grad har selskapet etablert ei føremålstenleg organisering og god internkontroll som omfattar:
 - a. Kontrollmiljø (organisering, leiing, ansvarsdeling, samhandling)
 - b. Risikovurderingar (mål, risikovurderingar og risikoreduserande tiltak)
 - c. Kontrollaktivitetar (system og rutinar for kritiske prosessar)
 - d. Kommunikasjon og informasjon i verksemda
 - e. Leiinga si oppfølging (oppfølging av drifta i selskapet)

Problemstillingar knytt til garanti

5. Kva krav har Hordaland fylkeskommune sett krav i høve garanti som er gjeve til selskapet?

Etter dette vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.
2. Før prosjektplan vert bestilt frå Deloitte, vert sekretariatet beden om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønskjer å delta i ein slik selskapskontroll.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

